

Os, 08.09.2008

Forvaltningsstyret

L.nr.	Saknr.	Arkivkode	Eining/Sabh	Dykkar ref.
15902/08	05/1897	/M41/	TEK/GHE	

LOKAL FORSKRIFT FOR MELDING OM UTSLEPP AV SANITÆRT AVLØPSVATN FRÅ MINDRE AVLØPSANLEGG I OS KOMMUNE - TEKSTDEL

Vedteke av Os kommunestyre den med heimel i forskrift av 01.06.04 om "begrensing av forurensing (forurensingsforskrifta)", del IV, § 12-6, jfr. Lov av 13.03.81 om vern mot forurensing og om avfall § 9.

§ 1 Virkeområde

Forskrifta gjeld utslepp av avløpsvatn frå bustad, fritidshus og anna bygning med innlagt vatn i Os kommune, kor utsleppet ikkje overstig 50 PE.

§§ 3 til 10 i denne forskriften erstattar krava i forurensingsforskriften §§ 12-7 til 12-13. For øvrig gjeld §§ 12-1 til 12-6 og 12-14 til 12-17 i forurensingsforskriften

§ 2 Definisjonar.

Definisjonane i forurensingsforskriften § 11-3 gjelder for denne forskriften. I tillegg gjeld følgjande:

Dei ulike sonene i Os er avgrensa på kart i M 1:20000, datert 01.04.08, i vedlegg 1

Med avløpsvatn i denne forskrifta er meint avløp frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande.

Med innlagt vatn er meint vatn frå vassverk, brønn, cisterneanlegg eller liknande som via røyr eller leidningar er ført innandørs. Med innlagt vatn meines og innvendig røyropplegg som vert forsynt av vatn frå tank/holder eller liknande (innvendig eller utvendig), og som leiast ut av bygningen til grunn eller oppsamlingstank.

Med resipient meines vassforekomst som mottek forureiningar frå avløpsvatn

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 5 7 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.os.hordaland.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 53 17		

Med hydrogeologisk kompetanse meines kompetanse om grunnvatn og reinsing frå avløpsanlegg i infiltrasjonsanlegg.

§ 3 Krav til søknad om utslepp

Søknad om utslepp skal innehalda følgjande:

- Dokumentasjon på at planlagt avløpsløyning stettar krava til reinsing i den aktuelle sona
- Gjenpart av nabovarsel eller skriftleg stadfesting for at naboar og gjenbuarar ikkje har merknadar til meldinga.
- utsleppet si storleik i pe, jf. § 11-3 bokstav m i "Forskrift om begrensning av forurensning" (forurensingsforskriften)
- Søknad om ansvarsrett for prosjektering, utføring og kontroll av utføring
- Kart som viser plassering av anlegg og utsleppstad i M 1:5000 eller større
- Skjema "søknad om utslepp" skal nyttast.
- Søkjer sitt namn og adresse

§ 4 Krav til utslepp for Os kommune

§4.1:

Sone 1: Oselvvasdraget, med unntak av Hegglandsdalen og Gåssand/Hatleli

Innafor denne sona kan det ikkje godkjennast nye utslepp basert på mindre avløpsanlegg.

For unntak frå denne paragrafen skal det liggja føre særleg grunn.

Som særleg grunn gjeld:

- Stadbunden næring
- Oppattbygging etter brann e.l.
- Rehabilitering av eldre busetnad eller avløpsanlegg.
- Bruksendring frå fritids til heilårsbustad

Søknader etter denne paragrafen kan ikkje handsamast som ei meldingssak etter § 3, men skal handsamast som eit søknadspliktig tiltak etter "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften)" § 12-4.

Dersom kommunen finn at det ligg føre særleg grunn, skal avløpet reinsast via prefabrikert biologisk/kjemisk minireinseanlegg, før utslepp gjennom tett leidning til vassdrag eller godkjent etterpolering. Det kan og godkjennast alternative reinseanlegg som kan dokumentera at utløpsvatnet ikkje overstig 1,0 mg tot-P/l som langtidsgrense og 2,0 mg tot-P/l som grense pr. veke. Opplyst langtidsgrense gjeld middelverdien av minst 20 prøvar pr. veke, kor berre 3 prøvar kan vera over opplyst grense pr. veke. Reinsa utslepp skal førast til vassdrag eller godkjent etterpolering.

§4.2:

Sone 2: Indre Drangsvågen

Sone 3: Nedslagsfeltet til Hauglandsosen og Innerøya
 Sone 4: Nedslagsfeltet til Strønebekken/del av Nordstrøno
 Sone 5: Vargavågen
 Sone 6: Skeisosen
 Sone 7: Hegglandsdalen
 Sone 8: Gåssand/Hatleli
 Sone 9: Indre Lysefjorden.

Innafor desse sonene skal nye utslepp, basert på mindre avløpsanlegg, reinsast via prefabrikkert biologisk/kjemisk minireinseanlegg, før utslepp gjennom tett leidning til vassdrag eller godkjent etterpolering. Det kan og godkjennast alternative reinseanlegg som kan dokumentera at utløpsvatnet ikkje overstig 1,0 mg tot-P/l som langtidsgrense og 2,0 mg tot-P/l som grense pr. veke. Opplyste langtidsgrense gjeld middelverdien av minst 20 prøvar pr. veke, kor berre 3 prøver kan vera over opplyste grense pr. veke. Reinsa utslepp skal først til vassdrag eller godkjent etterpolering. Dersom alternativ løysing vert valt skal dette handsamast som søknadspliktig etter "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften)" § 12-4.

Kravet om minireinseanlegg gjeld ikkje fritidsbustader utan innlagt vassklosett. Det skal her nyttast biologisk klosett og utslepp frå vaskar/dusj (gråvatn) skal reinsast i samsvar med ovannemnde retningsliner i lokal forskrift for melding om utslepp frå mindre avløpsanlegg. Dersom det kun slippes ut gråvatn, kan gråvatn med utslipp til sjø slippes urensset til resipient

§ 5 Andre område

For andre område som ikkje er nemnd særskilt i lokal forskrift gjeld følgjande:

Utsleppet skal først gjennom slamavskiljar før utslepp i tett leidning til sjø på minimum 10 meters djupne.

Følgjande minimumskrav vert stilt til total våtvolum og antal kammer:

Type	Total våtvolum (m3)	1. kammer	2. kammer	3. kammer
Bustadeining med klosettavløp	4,0	3,0	0,5	0,5
Fritidsbustad med klosettavløp	2,0	1,5	0,5	
Fritidsbustad utan klosettavløp	1,0	0,7	0,3	

Slamavskiljaren skal vera typegodkjent og vera i samsvar med VA/Miljøblad nr.48 og NS-EN 12566-1.

Mindre avløpsanlegg som ikkje kan først i tett leidning til god sjøresipient i desse områda, skal reinsast via prefabrikkert biologisk/kjemisk minireinseanlegg, før utslepp gjennom tett leidning til vassdrag eller godkjent etterpolering. Det kan og godkjennast alternative reinseanlegg som kan dokumentera at utløpsvatnet ikkje overstig 1,0 mg tot-P/l som langtidsgrense og 2,0 mg tot-P/l som grense pr. veke. Opplyste langtidsgrense gjeld middelverdien av minst 20 prøvar pr. veke, kor berre 3 prøver kan vera over opplyste grense pr. veke. Reinsa utslepp skal først til vassdrag eller godkjent etterpolering.

Det skal, dersom ein av partane krev dette, gjennomførast førehandskonferanse for alle nye anlegg som kjem inn under denne forskrifta.

Det er eit krav at ansvarshavande for utføring og kontroll av utføringa skal vera godkjent før arbeid med avløpsanlegg etter denne paragrafen vert starta opp.

Alle søknader om utslepp etter denne forskrifta skal sendast kommunehelsetenesta for vurdering, før endeleg handsaming.

§ 6 Særskilte krav til utslepp i Os kommune

Innafor:

Sone 2: Indre Drangsvågen
Sone 5: Vargavågen
Sone 6: Skeisosen
Sone 8: Gåssand/Hatleli

Gjeld følgjande:

Innafor kvar av desse sonene kan det godkjennast 5 einskildutslepp pr. år. Kvoten kan ikkje overførast, slik at unytta løyve går ut. Med einskildutslepp er her meint utslepp frå ei bustadeining/hytteining. Utsleppet skal reinsast i samsvar med lokal forskrift om utslepp av avløpsvatn frå bustadar og fritidshus i Os kommune.

For dei andre områda vert antal utsleppsløyve pr. år ikkje avgrensa.

§7 Avløpsnett

Innafor alle soner i Os kommune gjeld følgjande:

Avløpsnettet skal, utan at det medfører særlege store kostnader, dimensjonerast, byggast og vedlikehaldas med utgangspunkt i den beste teknologi og fagkunnskap, særleg i høve til:

- a) avløpsvatnets mengd og eigenskap
- b) førebygging av lekkasjar, og
- c) avgrensing av forureining av resipienten som følgje av overløp.

§ 8 Lukt

Innafor alle soner i Os kommune gjeld følgjande:

Avløpsnettet skal byggast, drivast og vedlikehaldas på ein slik måte at omgjevnadene ikkje vert utsett for sjenerande lukt.

§ 9 Krav til kompetanse

Den som utfører grunnundersøking og/eller prosjektering av avløpsanlegg skal ha tilstrekkeleg hydrogeologisk kompetanse. Kravet til kompetanse vil variera ut frå dei lokale tilhøve avløpetsanlegget skal etablerast i. Området sitt grunntilhøve, evt krav til vurdering av området og vurdering av resipient vil vera avgjerande i vurderinga av krav til kompetanse.

Føretak som prosjekterer og/eller utfører avløpsanlegg skal vera godkjent i aktuelle godkjeningsområder i samsvar med plan- og bygningslova

§ 10 Tilsyn av anlegga

For minireinseanlegg er det eit krav at serviceavtale med leverandør vert oppretta, og at all service på desse anlegga vert utført av representant for leverandøren. Liste over utført service for dei forskjellige anlegga skal sendast kommunen ved slutten av kvart år.

Eigar av anlegget er ansvarleg for at anlegget vert drive og vedlikehalde slik at krava i denne forskrifta vert følgd.

For alle anlegg godkjent i medhald av denne forskrifta skal det utferdigast ferdigattest. Ferdigattesten skal utferdigast på bakgrunn av innsendte kontrollerklæringar og anmodning om ferdigattest.

Kommunen fører tilsyn med at denne forskrift vert følgd og pliktar årleg å rapportera naudsynte opplysningar om mindre avløpsanlegg og utslepp frå desse til Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga.

§ 11 Klageinstans

Einskildvedtak truffet i medhald av denne forskrifta av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova, kan påklagast til kommunestyret eller særskild klagenemnd, jfr. Forvaltningslova § 28 andre ledd. For einskildvedtak fatta av kommunestyret, er Fylkesmannen klageinstans.

Os, 03.04. 08